



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 02.06.2014
Vår ref.: 2012/11727
Arkivnr.: 432.4

Adresseliste høyringspartar

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyring framlegg til vern av Tveitaneset naturreservat, Tysvær kommune i Rogaland

Grunneigar til Tveitaneset naturreservat i Tysvær har gjort avtale med staten om frivillig utvida vern, samt revisjon av eksisterande vern. Fylkesmannen i Rogaland sender framlegg til revidert vern, utvida vern og framlegg til forvaltningsplan for Tveitaneset naturreservat på samordna lokal og sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningsliner for verneplanprosessar etter naturmangfaldloven.

Frist for uttale er sett til 14.07.2014. Uttalar skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger.

Bakgrunn

Gjennom handsaming av Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet.

I meldinga vart frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog. Formål med skogvern er å frede eit representativt utval av typisk og sjeldan/truga barskog for framtida. Tveitaneset naturreservat vert verna i 1977, men vert her føreslege utvida i areal, samtidig som verneforskrifta vert revidert. Gamal skog bind store mengder karbondioksid, og skogvern bidreg i så måte.

Heimelsgrunnlag for vern av naturreservat er naturmangfaldlova § 34, jfr. §37 og §62.

Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 5. mai.2012 sende Vestskog, på vegne av privat grunneigar på gnr.bnr. 165/1 i Tysvær, tilbod om frivillig utvida vern til Fylkesmannen, som vidareformidla denne til Miljødirektoratet.

Skogen vart difor taksert og verneverdiane kartlagt i 2012. Dette var positive funn, og området vart funne verneverdig.

Avtale om frivillig vern vart signert 31/1-2013 mellom privat grunneigar og staten ved Miljødirektoratet. Fylkesmannen sendt ut melding og annonse om oppstart av vern 10. februar 2014, og har motteke innspel på dette. Desse innspela fylgjer vedlagt.

Fylkesmannen vil oppsummera denne samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil etter det gje sitt framlegg til kongelig resolusjon i statsråd.

Tveitaneset naturreservat

Tveitaneset naturreservat vart verna i 1977 som barskogreservat. Nyleg vart verneverdig skog kartlagt på utsida av vernegrensa som grunneigar er villig til å verne frivillig. På same tid er verneforskrifta gamal, og treng revisjon. Totalt areal for det føreslegne verneområdet er 382 dekar. Av dette er 116 daa nytt verneområde, mens resterande allereie er verna som naturreservat.

Framlegg til nytt verneformål (sjå vedlagt verneforskrift) for naturreservatet er:

«... å bevare ett sammenhengende skogsområde med eldre kystfuruskog og ta vare på alt naturlig plante- og dyreliv, landskapselement og de naturlige økologiske prosessene i området. Kystfuruskogen vokser på fyllitberg og har innslag av eik og kristorn, noe som er karakteristisk for denne delen av fylket. Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.»

Tveitaneset og området rundt er ein særmerkt kystfuruskog med lite inngrep, omkransa av flate fyllitt-svaberg. Området ligg vêrhardt og sørvendt mot Nedstrandsfjorden. Gamal skog, flotte jettegryter, svaberg og rullesteinsstrende lagar variasjon i strandlinja og gjer området spanande med opplevingsverdi. Skogen er i all hovudsak gamal kystfuruskog med innslag av varmekjær lauvskog i sørvendte lier. Det er funne fleire raudlisteartar i området.

Vedlagt er framlegg til ny vernegrense, ny verneforskrift og framlegg til ny forvaltningsplan for reservatet. Me ber og om uttalar på den føreslegne forvaltningsplanen.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Vegard Ankarstrand
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Vegard Ankarstrand
Saksbehandlar telefon: 51568921
E-post: fmroval@fylkesmannen.no

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM
Vestskog Røynstrandsvegen 4 5736 GRANVIN

Vedlegg:

Oppsummering kommentarer frå melding om vern

Adresseliste

Kart – framlegg til ny vernegrense

Framlegg til ny forskrift for vern av Tveitaneset naturreservat

Framlegg til forvaltningsplan for Tveitaneset naturreservat i Tysvær kommune, Rogaland